

Handsama i styremøte 22.11. 2017, sak 2017/36

Vedteke i styremøte 21.12.2017, sak 2017/44

Revidert i styremøte 22.11.2018, sak 2018/39

Reviderte i styremøte 28.01.2021, sak 2021/4



Retningslinjer for tilskot til gjerding for bruksberettiga i Skjåk Almenning

Almeningsstyret ynskjer å stimulere til gjerding for dei bruksberettiga i Skjåk Almenning. Dette gjeld både for gjerde rundt garden i bygda og på setrer i almenninga. I tillegg gjeld dette tilskotet for bruksberettiga i Skjåk Almenning som har seter i Finndalen og på Neto i Lom kommune.

Følgjande vilkår blir lagt til grunn for å få utbetalt tilskot:

- Det blir berre gjeve tilskot til oppsetting av nytt utmarksgjerde der det blir brukt faste stolpar (ikkje strømgjerde eller sperregjerde) og som held ute/inne både småfe og storfe. Riving av eksisterande gjerde for så å setja opp nytt blir godkjent. Gjerde mellom eigedommar eller inne på eigdommen blir ikkje rekna som utmarksgjerde.*
- Tiltakshavar skal på førehand søkje skriftleg til Skjåk Almenning på eige søknadsskjema. Søknaden skal innehalde grunngjeving for behovet for nytt gjerde med tilliggjande kart, lengd på nytt gjerde, gjerdetype og tidsplan.*
- På toppen av norgesgjerde og stakittgjerde skal det etablerast forhindring slik at beitedyr eller ville dyr ikkje blir hengjande fast (for eksempel bøljetråd eller slind/tverrtre).*
- Gjerdet skal vera i samsvar med den til kvar tid gjeldande beitebruksplan i Skjåk kommune.*
- Uttak av gjerdemateriell skal skje gjennom Bygger' n Skjåk AS og Skjåk Trelast AS under føresetnad at slikt er lagervare og med konkurransedyktige prisar.*
- For å få utbetalt tilskot skal Skjåk Almenning godkjenne tiltaket gjennom synfaring.*
- Tilskotssatsen er kr. 30/løpemeter.*